



Team Hardanger

Referat frå møte 14. oktober 2016 kl 09.00 – 12.00 Hardangerakademiet, Jondal.

Tilstades:

| | |
|---------------------------|---------------------------|
| Jondal kommune: | Sigrid Brattabø Handegard |
| Kvam herad: | Jan Tjosås |
| Odda kommune: | Elisabeth Wesenlund Hauge |
| Næringshagen i Odda: | Marie Opheim |
| Næringshagen i Hardanger: | Sigmund Vereide |
| Hardangerrådet iks: | Jostein Eitrheim |

Forfall:

| | |
|-------------------|-----------------------|
| Eidfjord kommune: | Lisbeth Bygstad Celik |
| Granvin herad: | Olav Seim |
| Ullensvang herad: | Ranveig Børve |
| Ulvik herad: | Natalia Golis |

Saker:

1. Orientering om næringsarbeidet i kvar kommune

- a. Jfr. Referat frå førre møte.

Kvam:

- Arbeider for tida med saker om kompensasjonsmidlar.
- Arbeid med prosjekt rundt ny aktivitet er nedlegging av TINE-meieriet i Øystese
- Utviding av næringsområde i Sandvenhagen.
- MRK. Det er gode tider i entreprenørbransjen i Kvam.

Næringshagen i Hardanger:

- Melding om reduserte midlar frå staten til regional utvikling.
- NiH ønskjer fleire eigarar på sikt.
- Arbeider med gründerpris for Hardanger og Voss.

Odda/Næringshagen i Odda:

- Stor utvikling i reiselivet.
- Det vert arbeidd med ny aktivitet etter Smelt på Smelteverkstomta.
- Konkurs for NLI Odda og arbeid med ny oppstart i regi av Odda Technology AS har teke mykje tid. Oppstart med 15 årsverk frå 21.10.2016.
- Det vert også arbeidd med etableringar/knoppskyting i tilknytning til denne oppstarten.
- Det er stor aktivitet i Næringshagen ift. gründeretablering.
- Reguleringsplan for Smelteverkstomta er vedteken.
- Odda manglar overnattingsplassar Jfr. Trolltungaturismen (Det bør gjerast ein analyse av overnattingskapasitet i heile Hardangerregionen)
- Odda merker fyrtårneffekten av Trolltunga. Viktig å utnytte dette i pakking av fleirdagarsturar.

Jondal:

- Kommunen er prega av kommunestruktursaka. Dette påverkar dagleg drift i kommunen. Vanskeleg situasjon pga prosess og resultat.

- Nytt bustadfelt under planlegging.
- Sentrumsbygg med ny næring under planlegging.
- Arbeider med ny verksemd for bunadsproduksjon.
- God sesong ved Folgefonna Sommarskiser.

2. Status: Oppfølging av mottakarar av støtte gjennom Regionalt Etablerarfond.

Kommunane følgjer opp «sine» mottakarar av etablerarstøtte.

3. Vidareføring av tenestene i Business Region Bergen (BRB) etter 31.12.2016

- a. Status etter møte i Regionrådet og påfølgjande prosess i kommunane.

Dialogmøtet 15.11. vil gje høve til å få fleire avklaringar og detaljer på plass før kommunane tek stilling til oversendt intensjonsavtale frå HFK.

4. Arealguiden.no

- a. Kurs/arbeidsøkt for innlegging av opplysningar.

Arealguiden har lagt om nettsida og Trude Rinaldo deltar 27. oktober på møte for verta oppdatert. Det var i møtet semje om at Hardanerrådet v/ Trude overtek som kontaktledd mellom kommunane og Arealguiden.no

5. Hardangerkonferansen 2016

- a. Orientering om program

6. Innmeldte saker

Det var ingen innmeldte saker.

7. Orientering frå dagleg leiar

Dagleg leiar orienterte om Innspel frå Hardanger Musikkfest (HM) om å utvida musikkfesten med ein dag (onsdag) som kan vera ein næringslivskonferanse på Hotel Ullensvang. HM har utfordra Hardanerrådet om å planleggja denne konferansen.

8. Ymse

Det vart drøfta tiltak for reiselivssatsing.

- Turistruter basert på ordinære offentlege ruter.
- Eigne lokale ruter utan offentlig tilskot. Eks. Ringbuss rundt Folgefonna.

Det var føreslege å arbeida vidare med dette i eige arbeidsmøte for Team Hardanger.

Jondal, 14.10.2016

Jostein Eitrheim
Referent